

# **Opplæringsfartøy AS**

**Sogn og Fjordane fylkeskommune**

**Leikanger**

Att: Paal. Fosdal, Astrid Lernes, Ingeborg Lie-Fredheim

Vestnes 11.06. 2019

## **Finansiering klassing av Skulebas**

Opplæringsfartøyet Skulebas må igjennom femårsklasse i 2019. Kor omfattande dette blir, eller kor store kostnadane blir, er usikkert. Det er også vanskeleg å få slått fast kva klassinga vil omfatte. Demontering og rengjering av generatorar inklusive skiftning av lager må pårekna. Tjukkelsesmåling av skrog med mogelegheit for utskifting av stål er eit anna område der ein må pårekne kostnadar.

Klassinga i 2014 hadde ein kostnad på kr 1 198 000,-. Frå DNV GL sin representant i Måløy er det antyda same kostnad pluss 30 % i 2019.

Finansiering av klassing 2019 blei tatt opp i mail av 17.09.18 og 03.10.18. som innspel til møtet 23. oktober 2018 i Leikanger. Det var i møtet enighet om at klassinga 2019 sannsynligvis blei nødvendig å gjennomføre, då ferdigstilling av nytt fartøy ligg litt for langt fram i tid. Under møtet blei det skissert to forskjellige måtar å finansiere klassinga på.

Klassinga blir planlagt i fleire fasar der det som går på generatorar etc. kjem først. Slippsetting og verkstadarbeid skal skje til hausten. Fristen for å gjennomføre klassinga er november 2019.

Det er reknskapsmessig sett av gjennom dei siste fem åra ca 1,2 mill. til klassing.

Den likvide situasjonen til selskapet er ikkje slik at vi kan gjennomføre klassing utan ekstra finansiering. Rekneskapet 2018 blei gjort opp med eit underskot på kr 244 000,-. Ein del av underskotet skuldast det som kom som krav etter hendinga med brann/eksplosjon i storresrom akterut. Det meste av dette måtte ein pårekne uavhengig av hendinga, men på grunn av korte fristar frå Sjøfartsdirektoratet, fekk ein ikkje høve til å innhente tilbod og kanskje blei noko av arbeidet utført på ein meir kostbar måte enn ellers nødvendig.

Styret har i budsjettarbeidet for 2019 gått nøyne igjennom alle kostnadene. Det er ikkje mulig å finne områder der ein kan kutte ytterligare. Skulebas er eit gammalt fartøy og kvart år oppstår det uforutsette skadar på utstyr og maskineri som det er umulig å forutsjå. Drifta er intens innanfor ramma av den avtalen som er inngått. Mannskapskostnadane har auka noko etter at vi no har fått bemanningsoppgåve som viser tre-manns besetning. Tidlegare kunne ein flytte fartøyet til / frå verkstad o.l. med berre to. Alt dette teke i betrakting, og til tross for auka fangstintekter i inneværende år, ser ein av dei siste års drift at driftsinntektena er for små i forhold til dei reelle kostnadene, - og har vore det dei siste åra.

Styret i Opplæringsfartøy AS ber derfor om at dei skisserte løysingane for finansiering av klassekostnadane for 2019 blir iverksett.

Vidare ber vi om at legieinntektene i høve til avtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune generelt aukast fram til Skulebas blir avløyst av nytt fartøy.

Med venleg helsing

Opplæringsfartøy AS

Ottar J. Aare

Styreleiar